



Flinke helselagsdamer har pakkane til sjukehuset på Valen klare.

Uskedal Helselag gjev stadig positive bidrag. No i førjultida er dei opptatt av å spreia julegleder til eldre og sjuke. I dette arbeidet har dei to tiltak med lange og gode tradisjonar. I kveld var 8 helselagsdamer samla i Gamleskulen for å pakka inn julegåver til pasientar ved sjukehuset på Valen. I tillegg er dei i gang med å gje juleblomar til eldre og sjuke.

Tradisjonen med pakkar til Valen er svært gammal. Ein må nok søkja i gamle protokollar for å finna eksakt kva år det starta. Margit Eik og Hilda Guddal er dei to i pakkegjengen som kom først med i helselaget. Det var i 1963. Dei kan stadfesta at pakkesendinga starta etter det. I førstninga var ordninga slik at kvart einskilt medlem tok med seg ting dei hadde laga eller kjøpt, heimanfrå. Seinare gjekk ein over til at laget kjøpte inn gåvene.

Dei kan fortelja at fleire har hjulpet til med transporten av pakkane. Mellom anna vart det nemnt at Bjørgulv Eik hadde dei med seg då han vitja sjukehusgarden som mjølkekontrollør. Ein annan som har teke med seg pakkane i mange år, er Nils Haugland.

Blomar vert sett pris på og skaper glede. På bakgrunn av dette gjev laget blom til alle i bygda over 90 år. I tillegg gjev dei til alle som bur på sjukeheimane i kommunen. I år er det uskedelingar på Ølve alderspensjonat, Varalsøy aldersheim, Rosendalstunet, Husnestunet og Halsnøytunet som opplever denne førjulsgleda. I tillegg gjev helselaget blomar til fellesrom på Hagetunet, Husnestunet og Rosendalstunet. Årets utdeling er no i gong, og eg har sjølv vore vitne til at det vert sett stor pris på både besøket og blomen!

Uskedal helselag gjer mykje positivt. Tysdag 5.januar kl.19 er første medlemsmøtet i 2016. Då håpar dei at det også dukkar opp nye medlemmer. Laget fortener verkeleg ny rekruttering i tillegg til dei yngre medlemmene som har kome aktivt med i det siste. Den største gleda ein kan ha, er å gjera andre glad, gjeld til fulle i helselaget.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland